

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)

Folkehøgskolene
Folkehøgskoleorganisasjonene
Folkehøgskolebladene

Jnr. 78/09/Rundskriv
FHSR-rundskriv 9/09
Oslo 17. juni 2009

FONDET FOR FOLKEHØGSKOLEN

Det blir med dette lyst ut midler frå Fondet for folkehøgskolen for 2010.

Søknadsfrist 1. november 2009

Søknaden skal sendast: *Fondet for folkehøgskolen
Postboks 420 Sentrum
0103 Oslo*

Fondet er skipa av den kapitalen som Vikarkassa til folkehøgskolen hadde til overs etter avviklinga.

Rentene av fondskapitalen kan delast ut til desse føremåla:

- a. *Til studiar, utgreiingsarbeid og forsøk som kjem heile skoleslaget til gode.*
- b. *Til trykking og/eller distribusjon av oppgåver om folkehøgskolen.*
- c. *Til prisoppgåver som har interesse for folkehøgskolen.*
- d. *Til andre føremål som kjem skoleslaget til gode, men ikkje til vanlege reise- og studiestipend.*

Det vert til vanleg ikkje gjeve stipend til kompetansejevande utdanning.

Totalt vil det for 2010 bli delt ut ca. 50 000 kroner frå Fondet for folkehøgskolen til prosjekt som fyller krava ovanfor.

Styret for Fondet skal ha rapport frå dei som har fått stipend om korleis arbeidet/prosjektet er utført.

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Leon Haugsbø /s/
leiar

Odd Arild Netland /s/
sekretær